



Arkivnr: 2019/17920-1  
Saksbehandlar: Stig Aasland, Astrid Synnøve Hjellbakk

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.11.2019
Fylkesutvalet		21.11.2019

## Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2018/19

### Samandrag

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget.

Årets kvalitetsmelding er tredelt. Fyrst er det eit kapittel der ein vil sjå nærare på ein del sentrale strategiske satsingar i arbeidet med overordna mål og strategiar for opplæringssektoren. Deretter kjem det statistikk på viktige indikatorar for vidaregåande opplæring i Hordaland for skuleåret 2018/19. Til slutt kjem det resultat for dei einskilde skulane.

**Økonomi:** Ingen verknad

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

### Forslag til innstilling

Opplæring og helse tek Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2018/19 til orientering

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring 2018/19

**Fylkesrådmannen, 08.10.2019**

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget. Målet er at rapporten skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt kunnskapsgrunnlag for kvalitetsutvikling. Under kjem eit samandrag.

### **Mål og strategi**

Opplæringsavdelinga sine mål og strategiar viser korleis opplæringssektoren skal bidra til å nå dei overordna måla i HFK. I arbeidet med å setje regional kompetanseutvikling på dagsorden er Regional plan for kompetanse og arbeidskraft eit viktig strategisk verkemiddel. Planen vart politisk godkjent hausten 2017 og dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa og karriererettleiing er sentrale tema. Gjennom årlege handlingsplanar er målet å styrkje den regionale beredskapen i møte med konjunktursvingingar i arbeidslivet.

Pilotprosjekt Sunnhordland og Nordhordland-prosjektet er døme på prosjekt som har til føremål å styrke samhandlinga mellom skule og arbeids- og næringslivet. Desse prosjekta krev at skule og arbeidsliv samarbeider lokalt for å auke kvalitet i opplæringa og legge til rette for meir praksis i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping og i programfag.

Skulebruksplanen for Hordaland har som mål å sikre eit utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og svare på behov i arbeids- og næringsliv. Planen skal sikre eit berekraftig tilbod som er tilpassa elevane sin bustad og arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen blir koordinert gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen».

*«Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet».* For å nå dette målet blir det arbeida systematisk med oppfølging av kvalitet i vidaregåande opplæring og i bedrift. Det er sett i verk fleire større utviklingstiltak og satsingar for å auke motivasjon og læringsutbytte for elevar og lærlingar. Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» skal sikre tett oppfølging i fag- og yrkesopplæring gjennom heile opplæringsløpet. Forskningsprosjektet *Complete* har som mål å undersøke effekten av to tiltak for betre gjennomføring; Drømmeskolen og Nærværsteam. I tillegg er det eit krav at alle skular i Hordaland skal ha eigne utviklingsplanar med lokale tiltak for å auke læringsutbytte og hindre fråfall.

### **Resultat og gjennomføring**

83,3 % av elevane på offentleg skule i Hordaland fullførte og bestod alle fag skuleåret 2018/19. Dette er ein svak nedgang på 0,2 prosentpoeng frå førre år. Karakterresultata i fylket viser ein svak og jamn auke dei tre siste åra. Det er ein klar samanheng mellom grunnskulepoeng og grad av fullført og bestått i vidaregåande opplæring. Ein ser at innan studieførebuande utdanningsprogram har 80 % av elevane 40 grunnskulepoeng eller høgare. For yrkesfag er talet 34 %.

Tala for fullført og bestått i løpet av fem år viser at 72,5 % av dei som starta vidaregåande opplæring ved ein offentleg skule i 2013, hadde fullført og bestått etter fem år. Dette er ein nedgang på 0,3 prosentpoeng frå førre år, eit resultat som ligg 2,8 prosentpoeng under det nasjonale snittet. Hordaland ligg 0,2 prosentpoeng over nasjonalt snitt på studieførebuande og 2,3 prosentpoeng under nasjonalt snitt på yrkesfag. Tar ein med dei private skulane i resultatata for Hordaland, blir fullføringsprosenten 74,6. Av dei elevane som begynte på ei yrkesfagleg utdanning i 2013, hadde 35 % oppnådd yrkesfagleg kompetanse etter fem år. Heile 27 % av yrkesfagelevane hadde fullført med studiekompetanse.

### **Opplæring i bedrift**

Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet og hadde 4672 lærekontraktar ved utgangen av 2018, ein auke på over 160 frå året før. I 2018 blei det avlagd 3055 fag-, sveine- og kompetanseprøver og 1/3 av desse var praksiskandidatar.

Fag- og yrkesopplæringa byggjer på tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunen og lærlingen. 73,9 % av søkjarane til lære plass fekk lærekontrakt i 2018. Det er ein auke 3 prosent-poeng frå året før. 84,9 % av 2013-kullet som gjekk ut i lære, hadde fullført og bestått fem år etter oppstart av læretida.

Resultata varierer mellom utdanningsprogramma, med 91,6 % for elektrofag og 69,6 % for design og handtverk. Totalt 10,3 % av lærlingane avbraut læretida utan å ha fullført i løpet av fem år.

### Fråvær, IV og sluttarar

Fråvær, manglande vurdering og det at elevar sluttar, er alle årsaker som fører til redusert læringsutbytte og fullføring. Vidare er det slik at det er ein samanheng mellom fråvær, IV og sluttarar. For høgt fråvær kan føre til at ein ikkje får vurderingsgrunnlag i faga og ein ser at stort fråvær er den tredje største registrerte sluttårsaka. Elevar med høge grunnskulepoeng har mindre fråvær enn dei med låge grunnskulepoeng.

For skuleåret 2018/19 viser tala at det er færre elevar som sluttar gjennom skuleåret. I 2018/19 var det 3,5 % av elevane som slutta, medan talet for førre skuleår var 3,9 %. Når det gjeld del elevar som får IV, har tala for Hordaland gått noko opp, og ligg no på nasjonalt snitt når det gjeld IV i minst eit fag, og eit prosentpoeng under nasjonalt snitt når det gjeld IV i berre eit fag. Fråværstala har også gått noko opp og i snitt har timefråværet gått opp frå 16,0 til 17,3 timar medan dagfråværet har gått opp frå 6,1 til 7,2 dagar.

### Overgang til lære

Eit sentralt mål er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er fleire utfordringar knytte til dette. I Hordaland hadde 41 % av yrkesfagelevane direkte overgang frå Vg2 og til læreplass. Tal frå Udir viser at for 2018 fekk 73,9 % av dei som søkte læreplass i Hordaland lærekontrakt, medan landssnittet ligg på 74,2 %.

Hordaland fylkeskommune har gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» arbeidd systematisk med å styrke skulane sitt arbeid med å få fram lokale samarbeidsavtalar med arbeidslivet. Prosjektet har utvikla samarbeidsstrukturar, metodar og verktøy som samla sett skal bidra til å sikre tettare og meir systematisk oppfølging av den einskilde elev.

Det er ein samanheng mellom grunnskulekarakter og status etter yrkesfagleg Vg2. For den elevgruppa som har høgast grunnskulepoeng (frå 50 - 60), går dei fleste over til påbygg. Vidare er det i all hovudsak dei med lågast inntakspoeng (30 eller lågare) som tek omval eller som ikkje er i lære eller opplæring etter Vg2.

### Læringsmiljø

At elevar og lærlingar kjenner seg som ein del av eit inkluderande fellesskap, er avgjerande for både personleg utvikling og læring. Hordaland fylkeskommune har fokus på arbeidet med å sikre eit trygt og godt miljø for elevar og lærlingar. Det blir arbeidd systematisk for å auke kompetansen på alle nivå i organisasjonen.

Færre melder at dei vart mobba på skulen i 2018/19, samanlikna med året før. Det er no 4,0 % av elevane som melder at dei har blitt mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare, medan talet frå 2017/18 var 4,5 %. Det er likevel variasjonar mellom utdanningsprogramma. Sjølv om halvparten av utdanningsprogramma kan vise til ei positiv utvikling, så har utviklinga vore negativ for nokre utdanningsprogram. Resultat frå elevundersøkinga blir følgt opp gjennom skulebesøk som del av kvalitetsoppfølginga av skulane. Ved skulebesøka er alltid mobbing eit viktig tema, og ein går gjennom kva elevresultata viser, korleis skulane har arbeidd aktivt med å førebygge, avdekke og sette i verk tiltak både på individ- og systemnivå.

For lærlingane gjeld arbeidsmiljøloven og ikkje oppl. § 9 A-1. Fagopplæringa jobbar med å sjå til at bedriftene har oppfølging av arbeidsmiljøet som ein del av internkontrollsystemet sitt. Målet er stadig forbetring av læringsmiljøet og at flest mogleg fullfører opplæring i bedrift. Den beste kjelda til informasjon om lærlingane sitt lærings- og arbeidsmiljø er den årlege lærlingundersøkinga. Resultata frå lærlingundersøkinga blir brukt av lærebedrifter, opplæringskontor og opplæringsavdelinga. Nytt av året er at mobbe-spørsmålet i lærlingundersøkinga no også inkluderer spørsmål om ein er blitt utsett for uønskt seksuell merksemd. Samla sett melder 4,4 % av lærlingane at dei har vore utsett for mobbing eller uønskt seksuell merksemd. Det er stor variasjon mellom kjønn og utdanningsprogram.

**Skulevise resultat**

Også i år vert det presentert skulevise rapportar som gir høve til å sjå resultatata for den einskilde skule i samanheng.

Skulerapportane viser grunnskulepoeng og karakterresultat for dei ulike utdanningsprogramma på skulen, samt oversyn over kor mange som fullfører og består. Vidare er det ei oversikt over resultatata for elevundersøkinga, fråværet dei siste åra, samt ei oversikt over korleis det gjekk med dei yrkesfaglege elevene som gjekk på Vg2 skuleåret 2017/18. Samla sett gjev dette eit godt bilete av viktige indikatorar i skulen.

Ein slik statistikkoversikt vil ikkje vise alle sider av aktiviteten og det totale arbeidet på dei ulike skulane. Resultat som ligg under fylkessnittet kan i praksis være eit godt resultat for dei elevane det gjeld og eit produkt av godt og langsiktig arbeid. Det er derfor viktig å sjå på skuleoversikta med dette i tankane. Det er eit oversyn over kvantifiserbare storleiker, og ikkje eit dekkande bilete av alle sider av skulen sitt kvalitetsarbeid.